



Frode Bøe

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/707 - 16/5013

Saksbehandlar:

Harald Stanghelle

harald.stanghelle@radoy.kommune.no

Dato:

13.04.2016

## Bekymringsmelding - mobilmast Hordabø skule

Viser til ditt brev datert 13.04.2016.

Du syner uro over at det er ein avtale med Telenor Norge AS om å nytta eit kommunalt bygg, Hordabø skule, for å betra kommunikasjonsdekning med mobiltelefoni i Bøvågen. Eit behov som over alt i samfunnet er aukande.

Det er naudsynt å setja opp teknisk utstyr for denne kommunikasjonen. Mellom anna er basestasjonar for mobiltelefoni slikt utstyr.

Statens strålevern og NKOM er faginstansar for stråling, Radøy kommune er huseigar.

Telenor Norge AS har fått innplasseringsavtale for utstyr på GNR 24 BNR 270, der sendar- og mottakarutstyret er plassert i eit eige rom. Berre teknisk personale har tilgang til dette. Antenner er montert på taket der det ikkje er tilgjenge for uvedkomande. Sjølv stativet er ein konstruksjon som etter SAK 10 §4.1 er eit tiltak som ikkje krev søknad eller løyve. (Antennesystem med høgd inntil 5 m.)

Statens strålevern (Strålevernet) er fagmyndigheit på området strålevern og atomtryggleik. 1. januar 2016 vart Strålevernet organisert som ein etat i Helsedirektoratet.

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) har som ei av sine oppgåver å syta for at befolkinga ikkje vert utsett for eksponering frå elektromagnetisk stråling som kan føra til helsefare.

NKOM driv óg tilsyn etter Ekomloven.

Nkom og Strålevernet har omfattande informasjon om stråling frå radiosamband og strålekalkulator på sine heimesider. [www.nkom.no](http://www.nkom.no) og [www.nrpa.no](http://www.nrpa.no). Mellom anna ein rapport om helseskade/-påverknad av stråling frå basestasjonar for mobiltelefoni frå *Nordic radiation safety authorities*.

Radøy kommune held seg til informasjon frå Strålevernet og NKOM og at dei er nasjonalt tilsynsmynde.

---

### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya

Me vonar du vil finna informasjon frá desse etatane avklarande og ser fram til betre mobildekning for alle innbyggjarar og ferdafolk i området når basestasjonen vert opna.

Radøy kommune har óg lagt til rette for enkelt å finna informasjonen på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Harald Stanghelle  
koordinator

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Frode Bøe  
Hanne-Mari Engen  
Jarle Landås  
Jo Bjarte Tømmerbakke